

Eventuell grensejustering i Kjøs krins, Hornindal kommune

Innleiing

Syner til dykkar brev av 20.07.17, der de ber kommunen kome med faktaopplysningar knytt til ei eventuell grensejustering i Kjøs grunnkrins, Hornindal kommune. Kommunen har etter beste evne forsøkt å svare ut dei spørsmåla som de har stilt. Vi har i prosessen hatt eit møte med Stryn kommune, der vi ganske raskt konkluderte med at det var lite som eigna seg til felles utgreiing, men vi har i prosessen utveksla opplysningar og informasjon.

I søknaden frå initiativtakarane vert det skissert to alternativ for ei grensejustering, og Fylkesmannen har bedt oss gjere greie for konsekvensar for begge alternativa. Sidan det i alternativ 2 berre er tale om i underkant av 20 personar, så har vi av omsyn til personvernet valt å unnta rapporten frå offentleg innsyn. Vi vonar Fylkesmannen i si vidare sakshandsaming også tek omsyn til dette.

Om dei ulike alternativa

Begge dei omsøkte alternativa ligg i det som vert definert som Kjøs grunnkrins. Alternativ 1 omfattar heile grunnkrinsen og vert i det vidare omtala som «Kjøs». Alternativ 2 er eit mindre alternativ som strekkjer seg frå Maurset og vestover til Øyebakken. Dette alternativet vert i det vidare omtala som «Maurset».


I søknaden som er underteikna av Andreas Solvik og Per Ove Kjøs kjem det fram at dei primært fremjar søknad om å flytte kommunegrensa vest til Kjøsahammaren slik at området sør/aust for Kjøsahammaren, og som no høyrer til Hornindal kommune, vert høyrande til Stryn kommune. Sekundært søker dei om at grensa vert flytta vestover slik at Maurset vert samla i Stryn kommune. Grensa vert då vest om eigedomane g.nr 47 br.nr.12, g.nr.213, br.nr 1 og 4 og g.nr. 214 br.nr 5.

I søknaden kjem det fram bakgrunn for val av grenser og bakgrunn for endring av grense. I tillegg er det kome brev frå fleire av innbyggjarane i området Kjøs, der dei set seg imot ei grensejustering som omfattar området der.

Kommunestyret i Hornindal handsama saka i møte den 08.09.16 og fatta følgjande vedtak i KS-054/16:

KS- 054/16 Vedtak:

1. Hornindal kommunestyre er positive til at det vert sett i gang ei utgreiing knytt til justering av noverande kommunegrense i Hornindal. Dette med bakgrunn i søknad om grensejustering mellom Stryn og Hornindal kommunar.
2. Kommunestyret ynskjer primært at det vert utgreidd sak om å flytte grensa vestover slik at Maurset vert samla i Stryn kommune. Grensa vert då vest om eigedomane g.nr 47 br.nr.12, g.nr.213, br.nr 1 og 4 og g.nr. 214 br.nr 5.



Utgreiing

Fylkesmannen har i medhald av inndelingslova § 9 bedt Hornindal kommune om å gjere greie for følgjande verknader av ei eventuell grensejustering:

- Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter
- Reiseavstandar til kommunesenter før og etter grensejustering
- Arbeidsplassar i aktuelt område
- Pendling mellom kommunane
- Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området
- Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område
- Bruk av kommunale tenestetilbod lokalisiert i aktuelt område
- Endring i tilgjenge til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune
- Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved justering av grensa
- Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført
- Befolkning fordelt på alder
- Sosiodemografiske kjenneteikn, jf. kriteria i inntektssystemet
- Omfanget av ressurskrevjande brukarar
- Utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)
- Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i aktuelt område
- Areal
- Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
- Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve


- Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelvegar og vegstruktur


Hornindal kommune vil i det vidare forsøke gjere greie for dette, men ser at enkelte områder er vanskeleg å gje presise svar på.

Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført

I Kjøs grunnkrins ser ein at folketalet har vore synkande dei siste 10 åra. Dette er ein trend i alle utkant krinsane i Hornindal kommune, der berre sentrumskrinsane Grodås og Kirkhorn opplever befolkningsvekst. Ein har ikkje spesifikke tal for utviklinga i Maursetområdet, men mykje tyder på at det er same utvikling der som i grunnkrinsen elles.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring frå 07 til 17
Haugen	168	163	161	159	150	148	150	150	151	146	141	-27
Kirkhorn	246	258	235	240	242	240	251	246	255	267	261	15
Grodås	261	266	283	284	281	302	306	307	320	305	322	61
Kjøs	123	122	123	123	121	107	108	106	101	93	93	-30
Otterdal	14	15	15	11	13	13	14	14	14	15	11	-3
Lødemel	260	259	275	276	270	281	284	281	264	261	258	-2
Rygg	123	125	131	133	128	128	124	117	114	112	110	-13






Dette er tal frå 01.01.17. Ved ein gjennomgang av dagens situasjon, ser ein at folketalet i Kjøs grunnkrins no er på **89**, og det er dette talet ein har lagt til grunn i vidare kartlegging av situasjonen i grunnkrinsen.


Befolkningsfordeling etter alder

Innbyggjarar fordelt etter alder		
	Kjøs	Maurset
0-1 år	2	0
2-5 år	2	0
6-15 år	7	0
16-22 år	11	2
23-66 år	51	13
67 -79 år	10	2
80-89 år	4	1
90 år og over	2	1
Sum	89	19


Hornindal kommune



Kjøs krins



Maurset



Sosiodemografiske kjenneteikn, jf. kriteria i inntektssystemet

Som ein ser av framstillingane ovanfor er utviklinga i Kjøs grunnkrins som i kommunen elles. Alderssamansetjinga er prega av at det vert fødde få barn i området, at ungdommen flyttar ut og at største delen av befolkninga er i aldersgruppa 23-66 år. Ein ser også ein relativt høg andel pensjonistar i området.

Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter og utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)

Alderssamansetning tilpassa gruppering i inntektsystemet	Hornindal i dag	Hornindal eks Maurset	Hornindal eks Maurset og Kjøs	% samansetn. eks Maurset	% samansetn. eks Maurset og Kjøs	Maurset	Kjøs
Innbyggere ialt	1 197	1178	1108	1178	1108	19	89
Innbyggere 0-1 år (fra 2013), tidligere 0-2 år	22	22	20	1,90 %	1,80 %		2
Innbyggere 2-5 år (fra 2013), tidligere 3-5 år	49	49	47	4,10 %	4,20 %		2
Innbyggere 6-15 år	159	159	152	13,50 %	13,70 %		7
Innbyggere 16-22 år	128	126	117	10,70 %	10,60 %	2	11
Innbyggere 23-66 år	620	607	569	51,60 %	51,30 %	13	51
Innbyggere 67-79 år	133	131	123	11,10 %	11,10 %	2	10
Innbyggere 80-89 år	70	69	66	5,90 %	6,10 %	1	4
Innbyggere 90 år og over	16	15	14	1,20 %	1,20 %	1	2
SUM	1 197	1178	1108	100 %	100 %	19	89

Hornindal har lavare skatt pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Dette får ein kompensert gjennom innteksutjamning. Hornindal kommune ligg på 70,1% av landsgjennomsnittet, og får kompensert opp til 93,7% av landsgjennomsnittet.

Rammetilskot og skatteinntekter Hornindal kommune:

Rammetilskot inkl inntektsutjamning og utgiftsutjamning	57.482.000
Skatteinntekter	24.082.000
SUM	81.564.000

Inntektstap ved at Kjøs grunnkrins vert overført til Stryn:

Rammetilskot inkl inntektsutjamning og utgiftsutjamning	-2 064 000
Skatteinntekter	-1 799 000
SUM	-3 863 000

Inntektstap ved at Maurset vert overført til Stryn:

Rammetilskot inkl inntektsutjamning og utgiftsutjamning	-360 000
Skatteinntekter	-384 000
SUM	-744 000

I dette har ein lagt til grunn følgjande føresetnadar:

det er ikkje teke høgde for andre kriterier i inntektsystemet som: sone, nabo, landbrukskriteriet, dødleheit, lavinntekt, uføre, skilde, åleinebuande, skilde, ikkje gifte, barn uten kontantstøtte og innbyggjarar med høgare utdanning med meir.

Det er i områda relativt få innbyggjarar i aldersgruppa som etterspør kommunale tenester som skule og barnehage. Dette gjer utslag på utgiftsutjamninga. Vidare at det er relativt fleire igjen som krev kommunale tenester, som ein får kompensert for gjennom utjamninga.

Det er ein førestnad at gjennomsnitt for resten av befolkninga er nytta.

Andre berekningar som kan gjere utslag i inntektssystemet er t.d. faktorar som dreg distriktsindeksen opp, noko som kan gjere utslag i småkommunetilskotet. Konklusjonen er at det er vanskeleg å ta høgde for alle verdiar og berekningar som kan gje utslag på inntektssystemet.

Kommunale avgifter

Det er ingen i Kjøs grunnkrins som et tilknytt kommunalt vass- og avløpsanlegg. Det innbyggjarane betalar i kommunale avgifter knyter seg til slamavgift eller har töming av tette tankar for slam. Maurset har privat vassanlegg. Det er ikkje innført eigedomsskatt i Hornindal kommune, noko som vil få konsekvens for innbyggjarane i Kjøs grunnkrins om dei vert tilhøyrande Stryn kommune i framtida. Stryn kommune har per i dag ein utskriven eigedomsskatt på 3 promille.

Reiseavstandar til kommunesenter før og etter grensejustering

Frå 2020 er Hornindal og Volda kommunar slegne saman til ei kommune. I dag har ein ikkje nok kunnskap om korleis dei kommunale tenestene vert fordelte i dei to kommunane frå det tidspunktet. Ein har i oversikta over reiseavstandar difor teke med både Stryn, Hornindal og Volda som målepunkt. Ein har målt avstanden ut frå 5 ulike målepunkt i Kjøs grunnkrins. I oversynet har ein også teke med avstandar til grunnskulane, då ein ser at ei grensejustering vil kunne få konsekvensar for reiseavstand til skule. Avstand til legevakt er også teke med.

Reiseavstandar (km) i Hornindal og Stryn kommunar			
FRÅ / TIL	Kommunehuset Smia	Stryn Rådhus	Volda Rådhus
Maurset (k-grense)	11,8	14,4	46,7
Øyebakken (brua)	8,4	14,4	43,6
Kjøs bru	6,5	16,3	41,7
Holen (k-grense)	7,5	17,3	42,7
Kongsvik (Kjøshammartunnelen)	4,5	18,3	39,6

- Avstanden frå Maurset (k-grense) er 14,4 km om Hatledal og 16 km om Sindre.

Reiseavstandar (km) i Hornindal og Stryn kommunar			
FRÅ / TIL	Hornindal skule	Tonning skule	Ungdomsskulen i Bø
Maurset (k-grense)	12,3	14,9	15,9
Øyebakken (brua)	8,9	14,9	15,9
Kjøs bru	7,0	16,8	17,8
Holen (k-grense)	8,0	17,8	18,8
Kongsvik (Kjøshammartunnelen)	5,0	18,8	19,8


Ein har her ikkje teke med avstand til Voldaskulane, då det er klart i intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda at ved kommunesamanslåing skal Hornindal framleis ha 1-10 skule i bygda.

Reiseavstandar (km) i Hornindal og Stryn kommunar		
FRÅ / TIL	Legevakt Eid	Legevakt Volda
Maurset (k-grense)	35,9	45,7
Øyebakken (brua)	32,7	42,6
Kjøs bru	30,5	40,7
Holen (k-grense)	29,5	41,7
Kongsvik (Kjøshammartunnelen)	33,0	38,6

Ein har her ikkje hensynteke drøftingane som pågår på Søre-Sunnmøre knytt til eventuell endra lokalisering av legevakt der.

Arbeidsplassar i aktuelt område og pendling

I området har nokre sjølvstendig næringsdrivande, dette er knytt til drift av gardsbruk, enkelte handtverkarar og taxidrift. Utover dette er det ikkje arbeidsplassar i området, ein har difor ikkje teke med innpendling til området. Dei sysselsette pendlar difor anten til Stryn, Hornindal eller Eid. Ein ser ein relativt stor del pensjonistar i området.



Nokre merknadar til framstillinga ovanfor:

- ✓ «Studie» Ein har forsøkt å kartlegge studentar som bur annan stad i landet, men som ikkje har meldt flytting.
- ✓ «Sjølvstendig» Dette er heiltidsbønder, handtverkarar og taxistasjonen.
- ✓ «Stryn» Busette i krinsen som pendlar til Stryn
- ✓ «Hornindal» Busette som har sitt daglege arbeid ulike stader i Hornindal kommune
- ✓ «Eid» Busette i krinsen som pendlar til Eid
- ✓ «Utvandra» Vi har to innbyggjarar i Maurset som er utvandra, men dei har ikkje meldt flytting frå kommunen.
- ✓ «Anna» Busette i krinsen som av ulike grunnar ikkje er yrkesaktive

- ✓ «Pensjonistar» Busette i krinsen over 67 år.

Bruk av kommunale tenestetilbod lokalisert i aktuelt område


Barnehage

Det er per i dag to barn under barnehagealder i krinsen, ein har to barn i barnehage (desse går over i skulen frå hausten 2018). Det er ingen barn under og i barnehagealder i Maurset.

Skule

Elevar frå krinsen ved Hornindal skule		
	Kjøs	Maurset
1. klasse	0	0
2. klasse	0	0
3. klasse	2	0
4. klasse	0	0
5. klasse	0	0
6. klasse	2	0
7. klasse	0	0
8. klasse	0	0
9 .klasse	1	0
10. klasse	2	0

Som ein ser av tabellen ovanfor er det per i dag 7 elevar frå krinsen som går på skule i Hornindal, desse har alle fylkeskommunal skuleskyss. Det er per i dag ingen frå Maurset i skulepliktig alder. Ei eventuell flytting av desse elevane er sjølv sagt negativt for utviklinga i skulen i Hornindal, men ei slik flytting vil ikkje føre til at det vert samanslåing av klassetrin i Hornindal.



Per i dag er det 6 personar i Kjøs som mottek teneste frå heimetenesta. To av desse er på Maurset. Av krinsen sine totalt 89 innbyggjarar har 68 personar fastlege i Hornindal, av desse 9 på Maurset.

Endring i tilgjenge til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune

Ved ei grensejustering, uavhengig av kva alternativ som vert vedteke, vil dette få konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane i krinsen. Borna i området må då bytte barnehage og skule frå Hornindal til Stryn. Det same vil gjelde for helse- og pleie og omsorgstenestene. Vi ser at det vil kunne få konsekvensar for helsetilbodet dersom 68 personar skifter fastlege til eventuelt Stryn. Hornindal kommune har per i dag to fastleggar, med allereie ledig kapasitet på listene sine. Ein har likevel valt å halde fast på denne ordninga, då ein ser at det samla sett gjev eit breiare fagtilbod og betre fagmiljø. Vi kjenner ikkje kapasiteten til Stryn kommune i så måte.

Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved justering av grensa

Tannhelsetenesta

Den fylkeskommunale tannklinikken vart diverre lagt ned i Hornindal, innbyggjarane i Hornindal nyttar difor allereie i dag denne tenesta i Stryn. Når det gjeld situasjonen etter 2020, er dette ikkje avklara.

Kyrkja

Kjøs grunnkrins soknar i dag til Hornindal prestegjeld, Nordfjord prosti, Bjørgvin bispedøme. Hornindal har eiga kyrkje og eigen kyrkjegard. Hornindal er eige fellesrådsområde, men har eit utstrakt samarbeid med Stryn knytt til kyrkjelege ressursar.

Ved ei grensejustering vil innbyggjarane framleis kunne sokne til Hornindal prestegjeld, då både Randabygda og Nordsida per i dag soknar til Hornindal prestegjeld. Alternativet er at dei soknar til Stryn prestegjeld men framleis høyre til same prosti og bispedøme. Korleis den kyrkjelege strukturen vil sjå ut etter 2020 er ikkje fastlagt.

NAV


Hornindal kommune har eige NAV kontor lokalisert på kommunehuset på Grodås. Ved ei grensejustering vil innbyggjarane då måtte byte NAV kontor til Stryn.

Helseforetak

Hornindal kommune hører til same Helseforetak som Stryn kommune så ei grensejustering vil per i dag ikkje få noko konsekvens. Frå 2020 vil nok Hornindal mest truleg høyre til Helse Midt.

Vidaregåande skule

Det er per i dag totalt 7 elevar i krinsen som er under vidaregåande utdanning. Ein av desse frå Maurset. Dei 7 fordeler seg slik: Stryn (4), Sandane (1) Førde (2). Situasjonen for denne aldersgruppa vil vere den same ved ei grensejustering til Stryn. Kva situasjonen vert for Hornindal kommune etter 2020, er ikkje avklara, men det vert ført politiske samtalar om dette med dei to fylkeskommunane (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane).



Omfanget av ressurskrevjande brukarar

Det er ikkje ressurskrevjande brukarar i krinsen per i dag.

Det er heller ikkje busett flyktningar i krinsen per i dag.

Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i aktuelt område

Hornindal kommune kjøper i dag PPT-teneste av Stryn kommune, så ei grensejustering vil ikkje få praktiske konsekvensar på det området. Når det gjeld andre interkommunale samarbeid knyter det seg i stor grad til helsetenester, legevakt, KAD med vidare. Dette er avtalar Hornindal har saman med mellom anna Stryn kommune, så dette vil heller ikkje få konsekvensar ved ei eventuell grensejustering, bortsett frå finansieringa. Ein har i dag nytta «Nordfjordmodellen» knytt til finasiering av desse tenestene, dvs 25% lik fordeling mellom kommunen og 75% etter folketal. Kostnadane vil såleis gå noko ned for Hornindal sitt vedkomande, og auke tilsvarande for Stryn kommune.

Kva gjeld renovasjon og avfallshandtering, så har Hornindal kommune dei same ordningane som Stryn kommune.

Areal

Areal		innbyggjarar	totalt areal (km ²)	fastland (km ²)	innsjø (km ²)	
Kjøs krins		93	12,58	10,34		2,24
Hornindal kommune		1196	192	178,45		13,16

Areal og markslag	Jordbruks-areal (da)	Skog (da)	Myr (da)	Opa fastmark og fjell (da)	Bebyggd (da)	Samferdsel,Ferskvatn (da)	Totalt areal (da)
Hornindal kommune	10 549	63 893	5 183	97 194	954	13 837	191 610
Alt1. Kjøs	625	10 065	175	850	105	2 680	14500*
Alt2. Maurset	270	3 650	135	610	15	50	4 730

*totalt areal avviker pga. vi har nytta unøyaktig grense mot fjell og innsjø i forhold til krinsinndelinga

Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Alternativ 1 Kjøs

<i>Plan-ID</i>	<i>Plannamn</i>	<i>Vedtaksdato</i>
19850001	Reguleringsplan_Kjøs-hyttefelt	14.02.1985
19980001	Utbyggingsplan_211-3-hytter	11.06.1998
20010001	Utbyggingsplan_215-8-Holeteigen	24.04.2001
20010004	Reguleringsplan - Utviding av Kjøs hyttefelt	18.12.2001
20060001	Reguleringsplan_Kjøs-kryss	06.04.2006
20090002	Reguleringsplan_Maurset-hyttefelt	18.02.2010
20130004	Detaljregulering for Søraust for Kjøs bru	10.12.2015
20100004	Detaljregulering for Kongsvik bustadfelt	<i>Lagt på is inntil vidare</i>

Alternativ 2 Maurset

<i>Plan-ID</i>	<i>Plannamn</i>	<i>Vedtaksdato</i>
20090002	Reguleringsplan_Maurset-hyttefelt	18.02.2010

Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Området i Kjøs grunnkrins er mykje nytta til ulike fritidsføremål, men ein ser det slik at allemannsretten vil verte uendra ved ei grensejustering.

Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelvegar og vegstruktur

I området er det ikkje utbygd kommunale gang- og sykkelvegar. Kommunen har følgjande kommunale vegar i Kjøs grunnkrins (km):

Alt.1 – Kjøs

Maurset	2,240
Jutedalen	0,568
Kjøs	2,138
Kongsvik	1,302
Totalt	6,248

Alt.2 – Maurset

Maurset	2,240
---------	-------

Det er per i dag eit pågåande arbeid knytt til ny E39 gjennom området. Kva konsekvensar dette vil få er noko ein har valt å ikkje omtale i dette dokumentet.

Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område

Her syner vi til opplysningar komne fram i innbyggjarhøyringa. Den stadfestar vårt inntrykk av at innbyggjarane i dei aktuelle områda nyttar service og fritidstilbod både i Stryn, Hornindal og Eid.

Avslutning

Ein har i dette dokumentet lagt vinn på å få fram faktaopplysningar i saka. Ein har forsøkt å vakte seg for å kome med generelle synspunkt knytt til ei eventuell grensejustering. Ein vil likevel peike på vedtaket frå kommunestyret som er omtala innleiingsvis, der det kjem fram eit tydeleg, men førebels, syn på ei grensejustering. Ein imøteser eit høve for kommunestyret til å gje ein grundigare omtale om saka.

Dersom fylkesmannen skulle ha behov for presiseringar eller utfyllande opplysningar vil kommunen sjølv sagt svare ut dette.

